



Reidar Myklebust ser på bileta frå Uskedalen,- flyfoto frå Myklebust kai og sentrum og Tor H. Myklebust sin teikning frå tunet Under Eikjo i Skårhaug.

Sommaren er på hell og vi legg ut det siste innlegget frå turen uskedalen.no hadde til Huglo med Ellen Schwenke og Reidar Myklebust i seglbåten VILJE 4. Med Magne Huglen som kjendmann går turen til Stora Brandvikjo og Vigliv Bjelland Brandvik, dotter til Wilhelm Bjelland frå tunet Under Eikjo i Skårhaug i Uskedalen.

Vigliv, mannen hennar og andre medhjelparar på Huglo driv eit omfattande humanitært arbeid gjennom den kristne organisasjonen Vyborghjelpen. Det heile tok til for 20 år sidan på ein tur med Si - REISER til Russland og seinare Ukraina. Møte med gateborn og foreldra deira som er rusbrukarar, gjorde eit sterkt inntrykk. Ho og mannen ville vera frivillige hjelparar og har seinare samla inn pengar lokalt for å få borna bort frå gata og gje dei skule, kler, utstyr og eit godt liv.

Vigliv fortel sterkt om eit personleg møte med ein 12 år gamal gut i St. Petersburg, og som med Vyborghjelpen har fått eit betre liv.

Kvar laurdag på sommaren har Vigliv vaffelsal ved Nærbutikken på ferjekaien. Det er den lokale møteplassen og mykje folk er samla og støttar Vigliv sitt humanitære arbeid i Russland.



Vigliv Brandvik sel lodd og vafler til inntekt for VYBORGHJELPEN. Hjelpa går mellom anna til gateborn i St. Petersburg
Tekst/foto: Kristian Olav Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland